



Dato: 20.03.2014

Vår ref.: 2014/13994-2

Saksbehandlar: maraskv

Dykkar ref.:

Rapport for Kulterkort for ungdom i Hordaland i 2013

Hordaland fylkeskommune oppretta kulterkortordning for ungdom i 2007. I januar 2013 vart det tilsett ein rådgjevar i ei nyopprettet stilling, som mellom anna jobbar med kulterkortet. I tillegg brukar merkantilt personale på avdelinga arbeidstid på diverse oppgåver knytt til kortet. Kulterkortet har sterkt politisk oppslutning.

Målsetting

All ungdom i Hordaland i alderen 16 til 20 år kan få kulterkortet. Frå januar 2013 får dei som går på vidaregåande skule tilsendt kortet som multimediemelding (MMS) på mobilen, andre kan tinge kortet på MMS gjennom nettsidene <http://hordaland.kulturnett.no/kulterkort> og www.facebook.com/KulterkortHordaland, eller ved å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune direkte. De som ikkje ønskjer kulterkortet som MMS, får kortet tilsendt i posten.

Ungdom frå venskapsregionar som gjennom samarbeid med Hordaland fylkeskommune er i fylket gjennom forskjellige stipendordningar kan få kulterkort i den perioden dei er her.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å auke ungdomens bruk av kulterkortet, og oppmuntre unge til å bruke eit differensiert kultertilbod. Det er ei målsetting å få stadig fleire samarbeidspartnerar, og på den måten gi eit variert tilbod og vise ungdom forunderlege vegar som dei kanskje ikkje visste fanst i det kulturelle landskapet.

Kontakt med ungdom og skulane

Den nettbaserte kommunikasjonen er basis i arbeidet med kulterkortet. I 2013 har vi jobba aktivt for å nå ut til ungdom gjennom facebook og nettsida. På begge sider finn ein oversikt over kulterkortrabattar og nye konkurransar kvar veke, og på facebook kan ungdom mellom anna få informasjon om aktivitetar hjå samarbeidspartnerane.

Storparten av ungdom i målgruppa går på vidaregåande skular. Kontakten med skulane er såleis viktig. Difor gjekk vi offensivt ut for å informere og vekke interesse hos elevråda i starten av skuleåret 2012-2013.

Våren 2013 skrev vi invitasjon til alle vidaregåande skuler som har medium og kommunikasjon som studieretningsfag om å sende inn sine forslag til korleis de ville lage ein filmreklame om kulterkortet. Ein klasse fekk tilbod om å lage filmreklamen mot eit honorar på 10 000 kroner. Denne filmen er delt på facebook-sida til Kulterkortet.

Vi jobbar med møtepunktet mellom Ungdommens kulturmønstring, Den kulturelle skulesekken

og kulterkortet. I 2013 delte vi for fjerde gang ut kulterkortstipend på Ungdommens kulturmønstring, fylkesmønstringa. 2-4 stipend på totalt kr 10 000 vart delt ut til enkeltpersonar og grupper som formidla god kunst og kultur på ein fantasifull og nyskapande måte. Kreativitet og nyskaping var vektlagd.

Dialog med etablerte og nye samarbeidspartnarar

Kulterkortet skal spegle landskapet av kulturinstitusjonar og -tilbydarar i Hordaland. Samarbeidspartnarane kan delast i tre grupper; institusjonar, festivalar og ungdomsorganisasjonar. Ungdomsorganisasjonane kan ikkje gi rabatt, men medverkar til å gjere kortet kjent for målgruppa.

I fylkeskommunens tildelingsbrev – både for driftstilskot og mindre prosjektrelaterte tilskot – oppmodar vi til deltaking i ordninga.

Tilskotsordninga «kulterkortpotten»

I 2010 oppretta Hordaland fylkeskommune «kulterkortpotten» for å oppmuntre partar som fylkeskommunen samarbeider med om tilbod til ungdom med kulterkort til å satse meir spesifikt på ungdomspublikumet. Søknadar vart vurdert og tilrådd fortløpende. Inntil 15.000 kr pr. tiltak vart tildelt etter søknad. Etter vedtak i Kultur- og ressursutvalet 17.09.13 vert ordninga styrka med eigne retningsliner og søknadsprosedyre, og med ein årleg sum på 150.000 der løyving pr. tiltak strekk seg frå kr. 5.000-30.000. Tilskotsordninga ligg ute på nettsida til Hordaland fylkeskommune med søknadsfristar 15.april og 15.september. Målsetjinga er å stø opp om samarbeidspartnarar som arrangerer særlege tiltak for ungdom og som utdjupar allereie eksisterande tiltak i målgruppa. Ordninga skal ikkje fungere som kompensasjon for kulterkortrabatt. Det er i tillegg ei målsetting at «kulterkortpotten» vil gjere at stadig fleire blir samarbeidspartnarar, og på den måten gje eit variert tilbod og vise ungdom nye vegar i det kulturelle landskapet.

Satsingar i 2013 og vegen vidare

23.november 2013 arrangerte Hordaland fylkeskommune ei stor event for kulterkortordninga i samarbeid med Norsk Publikumsutvikling (NPU). Alle samarbeidspartnarane til kulterkortet var invitert og alle elevar i vidaregåande skule fekk invitasjon per sms til å kome for å seie si meinung om kulterkortet. Pizza og brus vart servert. Stadet var KODE 1 og moderator var Leo Ajkic. Ei veke etterpå vart det arrangert ei workshop, i samarbeid med NPU, for samarbeidspartnarane. Hensikta var å jobbe saman for å få ungdom til å bruke dei gode kulturtildoda som samarbeidspartnarane har å tilby. Ny workshop for å følgje arbeidet vidare er planlagt i mars 2014, der målet er å utarbeide eit konkret forslag til felles-satsing for økt bruk av kulterkortet.

Eit resultat frå 23.november var opprettinga av ei referansegruppe på ungdommar mellom 16 og 20 år. Ein kveld kvar månad møter fleire opp på Fylkeshuset for å diskutere vegen vidare for kulterkortet. Kvart møte vert avslutta med ei tur på kino, omvising på museum eller anna.

I 2014 vil Hordaland fylkeskommune ta ein gjennomgang av kulterkort-ordninga og vurdere korleis vegen vidare skal vere. Det vert difor ikkje sendt inn søknad om midlar for 2014 til Kulturdepartementet. Hordaland fylkeskommune vil eventuelt kome attende til å sende søknad om midlar for 2015.

Økonomi 2013

Utgifter

Løn og sosiale utgifter	187 500
Kjøp av varer/ tenester eigenprod.	107 638
Kjøpte tenester	60 682
MVA	33 273
	389 093

Inntekter

Refusjon frå staten	215 000
Kompensert MVA driftsrekneskap	33 273
	248 273

Ronny B. Skaar
Utviklingssjef/seksjonsleiar

Marianne Ose Askvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.